

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 24.03.2017, kl. 10:00 – 13:20  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

**Styremøtet var oppe for publikum og presse**

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Mariann Hundsnæs	Varamedlem tilsette

## Forfall frå styret

Atle Hamar	Nestleiar
Arthur Norevik	Medlem

## Deltakarar frå administrasjonen

Jon Bolstad, administrerande direktør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør/kst. direktør Stab og støtte  
Kristine Longfellow, fagdirektør  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

## Andre deltakarar

Marte Bale, seniorrådgjevar  
Fabian Bergqvist, overlege Barneavdelinga  
Charlotte Bårdsen, revisor BDO  
Nina Carstens, fagsjef SAV

## Sakliste

---

014/2017	Godkjenning av innkalling og dagsorden
015/2017	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.02.2017
016/2017	Administrerande direktør si orientering
017/2017	Årsrekneskap 2016 – Helse Førde HF
018/2017	Rapportering frå verksemda per februar 2017
019/2017	Budsjettoppfølging 2017
020/2017	Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF
021/2017	Høyring av Helse 2035 – strategi for Helse Vest RHF
022/2017	Legemiddelprosjektet ved Nordfjord sjukehus

Saker til orientering:

023/2017	Eventuelt Skriv og meldingar
----------	---------------------------------

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, publikum og presse velkommen til styremøte ved Førde sentralsjukehus.

## MØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Seniorrådgjevar Marte Bale og overlege Fabian Bergqvist orienterte om:

### Norsk nyfødttmedisinsk helseatlas

Registreringprogrammet har vore brukt sidan 2008 ved nyfødtafdelingar. Antall behandlingdøgn i perioden 2012-2015, viser betydeleg forskjeller i behandling av nyfødte.

Rapporten «Norsk nyfødttmedisinsk helseatlas» er utarbeidd av Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering i samarbeid med barnelegeforeininga. Datagrunnlaget er basert på norsk nyfødttmedisinsk kvalitetsregister og medisinsk fødselsregister.

Helseatlas:

- ✓ Er tenestene likeverdige og like tilgjengelege for alle i heile landet?
- ✓ Ein ser på variasjonar i forbruk av helsetenester mellom ulike geografiske område, ut frå kvar pasienten bur
- ✓ Bergen/Førde er eitt buområde

Resultat for innlegging og liggedøgn viser gode tall for buområde Bergen/Førde.

Oppsummert viser rapporten:

- Uønska/»uberettiga» variasjon for alle undersøkte område
- Omfanget av skilnadene er delvis avhengige av kor prematurt barnet er ved fødsel
- Liten variasjon i innleggingar av born fødte før 34 veker

- Arbeidet med å redusere variasjon og gi eit meir likeverdig tilbod til nyfødde bør første og fremst gjerast av fagmiljøet
- Diskusjonar og initiering av studiar med utgangpunkt i regsterdata er nødvendig for i større grad å kunne fastsetje kva som er rett behandlingsnivå

*Styret kommenterte at dette var ein spennande og viktig arbeid. Styret kommenterte også at det er sentralt i å utvikle og betre kvaliteten og ressursbruken, og henviste til medieoppslag om MR forbruk ved Helse Førde samanlikna med andre.*

## **014/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Nestleiar Atle Hamar og styremedlem Arthur Norevik hadde meldt forfall til styremøte
- Varamedlem Mariann Hundsnes var innkalla til styremøte
- 3 dokument var utsendt til «Skriv og meldingar»
- Kommenterar til strategiplanen frå overlege Jan Nordeide var ettersendt til «Skriv og meldingar»
- Nye dokument utdelt i møte:
  - Drøftingsprotokoll om Helse 2035, frå møte i FAMU 20.03.2017
  - Drøftingsprotokoll om Helse 2035, frå møte med føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod 22.03.2017
  - Oppsummering av revisjonen 2016

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **015/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 17.02.2017**

Styreleiar Landstad etterspør endeleg høyringssvar på Kvinnslandrapporten (NOU 2016:25). Dokument blir utsendt til styret.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 17.02.2017.

## **016/2017 Administrerande direktør si orientering**

### **1. Pasientens helseteneste – status**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om Utviklings-/prosjektområde

#### Avslutta:

- Lærdal sjukehus – kartlegging
- Lege- og psykologplan – kartlegging

#### I gang:

- Døgntilbod
- Psykisk helsevern
- Radiologi og laboratoriefaga
- Stab og støtte
- Nye Førde sjukehus – areal FSS

Under arbeid/oppstart:

- Poliklinikk og dagbehandling
- Kirurgi, anestesi, oppvaking – forstudie/kartlegging

På vent:

- Samarbeidande sjukehus
- Prehospitale tenester
- Samhandling. Tenesteinnovasjon

Oversyn prosessar vart presenterte.

## 2. Nye Førde sjukehus - status

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om Nye Førde sjukehus – endra framdriftsplan

Datoar for oppstart vert forskyvd, med endra framdriftsplan. Vi har tidlegare planlagt oppstart forprosjektarbeidet 01.08.2017. Dette er no utsett til 01.11.2017.

Tenesteutviklingsprosjekta treng noko meir tid. Entrprenørar kan tidlegast vere på plass 01.10.2017.

*Styret kommenterte at utviklinga viser nedgang i poliklinikk. Ein må ta utsjekk på at planen er rett dimensjonert iht areal. Dette må vurderast samtidig som ein vurderer økonomi.*

*Styret ønskjer fast rapportering frå pasientens helseteneste i den månadlege rapportering frå og med neste styremøte, dvs. rapportering både på prosjekt og bygningsmessige tilhøve.*

Adm. direktør Bolstad bekrefta at det vert skriftleg rapportering som del av den månadlege rapporteringa, men at ein i nokre høve likevel ønskjer å ha tillegg rapportering på utvalde tema undervegs.

## 3. Prevalens på infeksjonar

Utsett til neste styremøte.

## 4. LIS1-utdanninga – status

Fagdirektør Longfellow orienterte om ny modell for LIS-utdanninga, som no er ein heilskapleg gjennomgang. Hensikt er å strukturere og kvalitetssikre utdanninga.

For LIS 2-3 er alle læringsmål på høyring, med frist 1. april. Det er ein koordinert prosess i Helse Vest.

Tiltak i Helse Førde:

- RegUt med 20% stilling, økonomisk tilskot frå Helse Vest i to år
- LIS1 er i gang, med utdanningsutval.
- På sikt LIS2 og 3, med utval?
- Forskriftsfesta karv om t.d. 70 timar internundervisning per år, fordjupingstid, formell rettleiarkompetanse. Simulering/ferdigheitstrening m.m.
- Større satsing på utdanning, må vere forankra i leiinga

Den regionale utdanning i Bergen er i gang, og det er heilt avgjerande med samarbeidet med Bergen.

## **5. Nye professorar i Helse Førde**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om to nye professorarar i Helse Førde: John Roger Andersen og Christian Moltu

*Styret rosa utnemninga som er viktig i forskings- og utviklingsarbeid.*

## **6. Innovasjonsprosjekt**

Utsett til neste styremøte.

## **7. Nye pasientrom og bad i åttande etg. FSS**

Adm. direktør Bolstad orienterte om nye pasientrom i 8. etasje som vart opna 23. mars. Det er pussa opp to fire-sengsrom. Arbeidet starta i romjula og vart ferdig 23. mars. Kostnad er på 2,7 millionar kroner.

## **8. Statusrapport – erfaringar frå prosjektet Framtidas lokalsjukehus**

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om rapport frå siste års arbeid med utvikling av NSH. Rapporten vil bli nytta til inspirasjon, vidare læring og utvikling i Helse Førde, samt bli gjort tilgjengeleg for andre sjukehus. Rapport vert oversendt HV som tidlegare prosjekteigar.

*Styret rosa arbeidet med utviklingsprosjektet og sa at dette allereie har fått betydning for andre. Styret ønskjer å få framlagt aktivitet og kostnader ved dei ulike tilboda ved eit seinare høve.*

## **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

# **017/2017      Årsrekneskap 2016 – Helse Førde HF**

## **Oppsummering:**

Helseføretaka er pliktige å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. Rekneskapet omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsanalyse og notar. Rekneskapsresultatet for 2016 vart eit overskot på 4,648 millionar kroner.

Etter tilråding i styret skal årsmelding og årsrekneskap 2016 vidaresendast til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

*Revisor Charlotte Bårdsen presenterte oppsummering frå revisjonen 2016:*

- Vesentlige forhold innan rekneskap og revisjon
- Internkontroll
- Øvrige forhold

*Styret kommenterte på ein positiv revisjonsberetning.*

*Økonomidirektør Brandtzæg presenterte årsrekneskap 2016. Resultatet for 2016 vart eit overskot på 4,6 millionar kroner.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding med årsrekneskap og notar for 2016.

## **018/2017      Rapportering frå verksemda per februar 2017**

### **Oppsummering:**

*Fagdirektør Longfellow kommenterte på samanhengen mellom totalkø, ventetidsutvikling og talet nyhenviste som syner at reduksjon i ventetider skuldast effektivisering.*

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og medarbeidarar*

Aktivitet somatikk etter 2 månader vidarefører negativ trend frå hausten 2016. Aktivitet psykisk helsevern viser aktivitet i samsvar med budsjett.

Helse Førde har eit budsjettavvik per februar på minus 3,1 millionar kroner. Lågare inntekter på pasientbehandlinga er største årsaka til budsjettavviket.

*Styret kommenterte:*

- *Viktig at organisasjonen forstår utfordringsbiletet*
- *Låg beleggprosent, og auke på poliklinisk verksemd*

*Det er mange prosjekt i arbeid, det er vilje til å sjå på endringar, men det er krevjande å tilpasse/koordinere mellom prosjekta. Organisasjonen må prioritere å sikre økonomiske effekter framover i tid (tenke budsjett 2018 også).*

*Styreleiar Landstad oppsummerte debatten med at føretaket viser gode kvalitetsindikatorar, men økonomien er ei utfordring.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per februar 2017 vert teken til vitande.

## **019/2017      Budsjettoppfølgning 2017**

### **Oppsummering:**

Budsjettet i Helse Førde for 2017 er stramt, og resultatet etter to månader viser at det er vesentleg risiko for avvik. I delar av den somatiske delen av verksemda er det planlagt med relativt høge aktivitetsinntekter, og eit stort nedtak i lønsutgiftene. Samstundes planlegg Helse Førde å investere for 1,5 milliardar kroner i «Nye Førde sjukehus» dei neste ti åra. Det er det nødvendig å målrette tiltaksarbeidet for å sikre resultatet i 2017.

*Styret kommenterte at det blir naudsynt å følgje tett opp arbeidet med økonomi framover.*

### **Framlegg til vedtak:**

1. Prosjekt døgn skal innan 1. juni 2017 legge fram forslag til framtidig modell for døgntilbod i Førde der følgjande er utgreidd:
  - a) samanslåing av sengepostar
  - b) etablering av elektiv sengepost (5-døgn)
  - c) etablering av observasjonspostI tillegg skal tal senger og bemanning reviderast utifrå belegg, jf. mandatet for døgnprosjektet.
2. Prosjekt Lærdal blir etablert og skal, i samarbeid med prosjekt døgn, utgreie samanslåing av sengepostane ved Lærdal sjukehus innan 1. juni.
3. Det skal setjast ned eit prosjekt leia av HR-direktør som skal gjennomgå vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid, samt legge fram forslag til justeringar innan 1. juni 2017.
4. Direktør drift og eigedom skal innan 1. juni 2017 legge fram ei fornya vurdering av framdriftsplanen for forprosjekt «Nye Førde sjukehus». I vurderinga skal det takast omsyn til framdrifta i tenesteutviklingsprosjekta, den underliggande økonomiske driftssituasjonen i føretaket og det nasjonale fokuset på tenestetilbodet innan rus og psykiatri. Vurderinga skal også innehalde ulike scenarior for utbygging i tilfelle prosjektet må justerast ned.
5. For alle tiltakspunkta gjeld at tillitsvalde og verneteneste skal delta aktivt i prosessane.
6. Styret ber om å bli haldande løpande orienterte om utviklinga i arbeidet.

### **Endringsframlegg frå adm. direktør Bolstad:**

Innleiing i tekst førut punkt 1, med følgjande tekst:

«Styret viser til vedtak om budsjett for Helse Førde for 2017, verksemdsrapportering for januar og februar, og det økonomiske utfordringsbildet. På bakgrunn av dette ber styret administrerande direktør om å gjennomføre følgjande:...»

I punkt 1.a) vert det også føreslått å føye til «/samlokalisering».

### **Tilleggsframlegg frå styremedlem Bryne:**

*Nytt punkt 1 d) vurdere utviding av feriestenging døgnpostar (sengepostar)*

### **Votering:**

Framlegg til vedtak, med adm. direktør Bolstad si innleiing førut punkt 1 og styremedlem Bryne sitt tilleggspunkt 1 d) vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Styret viser til vedtak om budsjett for Helse Førde for 2017, verksemdsrapportering for januar og februar, og det økonomiske utfordringsbildet. På bakgrunn av dette ber styret administrerande direktør om å gjennomføre følgjande:

1. Prosjekt døgn skal innan 1. juni 2017 legge fram forslag til framtidig modell for døgntilbod i Førde der følgjande er utgreidd:
  - a) samanslåing/samlokalisering av sengepostar

- b) etablering av elektiv sengepost (5-døgn)
- c) etablering av observasjonspost
- d) vurdere utviding av feriestenging av døgntilbod

I tillegg skal tal senger og bemanning reviderast utifrå belegg, jf. mandatet for døgnprosjektet.

- 2. Prosjekt Lærdal blir etablert og skal, i samarbeid med prosjekt døgn, utgreie samanslåing av sengepostane ved Lærdal sjukehus innan 1. juni.
- 3. Det skal setjast ned eit prosjekt leia av HR-direktør som skal gjennomgå vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid, samt legge fram forslag til justeringar innan 1. juni 2017.
- 4. Direktør drift og eigedom skal innan 1. juni 2017 legge fram ei fornya vurdering av framdriftsplanen for forprosjekt «Nye Førde sjukehus». I vurderinga skal det takast omsyn til framdrifta i tenesteutviklingsprosjekta, den underliggande økonomiske driftssituasjonen i føretaket og det nasjonale fokuset på tenestetilbodet innan rus og psykiatri. Vurderinga skal også innehalde ulike scenario for utbygging i tilfelle prosjektet må justerast ned.
- 5. For alle tiltakspunkta gjeld at tillitsvalde og verneteneste skal delta aktivt i prosessane.
- 6. Styret ber om å bli haldne løpande orienterte om utviklinga i arbeidet.

## **020/2017            Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna mål:

- 1) Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- 2) Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- 3) Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 8. mars 2017. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 24. mars 2017.

*Styret ber administrasjonen ha fokus på dei områda som er utfordrande i tida framover.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Styringsdokument 2017 for Helse Førde HF» til etterretning.

## **021/2017            Høyring av Helse 2035 – strategi for Helse Vest RHF**

### **Oppsummering:**

Helse 2035 er ei omfattande revidering av Helse 2020 og rettar seg etter føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Strategien er overordna og løftar fram viktige strategiske område der det blir store endringar i planperioden. Den peikar på utviklingstrekk, utfordringar og



moglegheiter fram til 2035. I strategiutkastet blir det peika på at spesialisthelsetenesta på Vestlandet står framfor store endringar og utfordringar, og at det må takast omfattande grep i den komande strategiperioden. Det blir ein betydeleg vekst i lidningar som kreft, kols, demens, diabetes, overvekt og rus. Dei eldre vil utgjere ein stadig større del av befolkninga og skape ein stor vekst i tal pasientar. Samstundes vil truleg tilgangen på økonomiske og menneskelege ressursar bli knappare.

Strategiutkastet er inndelt i 12 tema med tiltaksområde:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Kommunikasjon og prioritering
- Pasientar med fleire sjukdommar
- Standardiserte pasientforløp
- Eit einskapleg helsevesen
- Strategisk samspel med dei private
- Auka verdiskaping
- Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus
- Forsking, innovasjon og teknologi
- Våre medarbeidarar
- Leiarskap
- Struktur og organisering

*Styret kommenterte:*

- *Figur 6 (bilde side 10), vert gjort tydelegare, eller vurdert tatt ut*
- *Innspel frå FAMU vert presisert i uttalen*
- *Ein saknar tydeleggjering av samanhengen mellom overordna mål og strategiformuleringane*
- *Advare mot for stor teknologioptimisme på alle områder*

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Utkast til strategi for Helse Vest RHF – Helse Vest 2035 gir eit godt grunnlag for å utvikle Pasientens helseteneste.
2. Mange av tiltaksområda treng ei regional samordning og styring viss måla i strategiutkastet skal nåast.
3. Den vedlagde uttalen blir lagt til grunn med dei merknadar som kom fram i styremøtet.

## **022/2017      Legemiddelprosjektet ved Nordfjord sjukehus**

### **Oppsummering:**

Framtidas lokalsjukehus var eit nasjonalt pilotprosjekt, tilknytt Nordfjord sjukehus. Prosjektet skulle vurdere å gi tilråding om endra oppgåvefordeling mellom nivå i spesialisthelsetenesta i eit samhandlingsperspektiv.

Eit av delprosjekta var «Beste praksis for legemiddelbehandling ved Nordfjord sjukehus og i kommunane Vågsøy, Selje, Hornindal, Eid og Stryn». Målet var å prøve ut og etablere bruk av farmasøytiske tenester, i eit samhandlings- og pasienttryggleiksperspektiv.

*Fagsjef SAV, Nina Carstens, orienterte om Legemiddelprosjektet ved Nordfjord sjukehus.*

Prosjektet blei gjennomført i perioden 1.1.2012 -31.12.2014, med ei prosjektramme på 1,5 millionar kroner.

Prosjektet hadde fire delprosjekt med definerte leveransar:

1. Leveranse delprosjekt legemiddelgjennomgangar
2. Leveranse delprosjekt legemiddelsamstemming
3. Leveranse delprosjekt legemiddelsamtalar
4. Leveranse delprosjekt kompetanseheving

Tilrådingar frå prosjektgruppa:

Prosjektet vert vidareført i dei fire kommunane, no i tillegg med Bremanger og gloppen kommune. Fokus er på legemiddelgjennomgang og undervisning.

Ein ser no på pasientflyt mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

*Styret kommenterte at det var ei god og grundig orientering til saka.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tar saka til orientering.

## Saker til orientering:

### **023/2017      Eventuelt**

Ingen saker.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, mars 2017
- Årsmelding frå Kvalitetsutvalet i Helse Førde 2016
- Årsmelding frå Pasienttryggingsutvalet 2016
- Kommenterar til strategiplanen frå overlege Jan Nordeide (optrykt/ettersendt)
- Oppsummering av revisjonen 2016 (ettersendt via e-post)

### **Følgjande skriv og meldingar vart lagt på bordet i møtet:**

- Drøftingsprotokoll om Helse 2035, møte i FAMU 20.03.2017
- Drøftingsprotokoll om Helse 2035, møte med føretakstillitsvalde og føretakshovudverneombod 22.03.2017
- Oppsummering av revisjonen 2016

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Atle Hamar  
Nestleiar  
(sett)

---

Helge E. Bryne

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave

---

Aud Ingrid Espeland

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Hans Jacob Westbye

---

Mariann Hundsnes  
Varamedlem tilsette